
Fra: Bjørn Jacobsen <bjorn.jacobsen50@gmail.com>
Sendt: 7. januar 2020 13:11
Til: Postmottak KLD
Emne: Fwd: Høyring om rapport frå ekspertutval om farleg avfall

----- Forwarded message -----

Fra: **Bjørn Jacobsen** <bjorn.jacobsen@human.no>
Date: tir. 7. jan. 2020 kl. 12:55
Subject: Høyring om rapport frå ekspertutval om farleg avfall
To: Bjørn Jacobsen <bjorn.jacobsen50@gmail.com>

Høyring om rapport frå ekspertutval om farleg avfall

Til Klima og miljødep

Høyringssvar frå Bjørn Jacobsen kommunestyrerepresentant SV i Molde

Eg tillet meg å sende inn eit resyme av saka og argument for å ikkje tillate etablering av mottak på Rausand i Molde kommune.

I Molde er vi i den situasjon at vi ikkje får diskutere saka i full bredde då det kan se ut som at Nettet kommunestyre kan binde opp Molde kommune i interim perioden noko eg synast er lite demokratisk sidan vi ikkje får saka opp til full handsaming i Molde Kommune.

Beste helsing Bjørn Jacobsen, kommunestyrerepresentant

Interpellasjon til Molde kommunestyre 19.12.19

Innboks



Bjørn Jacobsen <bjorn.jacobsen50@gmail.com>
til torgeir.dahl, Marianne

tor. 5. des. 2019, 09:28

Til ordføreren

Interpellasjon til Molde kommunestyre 19.12.19

Frå Bjørn Jacobsen SV

Etablering av mottaksanlegg for farleg uorganisk avfall i Molde kommune

Neset kommunestyre har i interim perioden for danninga av Molde kommune bundet opp Molde kommune til å ta i mot farleg avfall. Dette er avfall som til ein viss grad er importert og er i all hovudsak oppstått på Austlandsområdet og er tenkt frakta heile vegen rundt Stadt og inn Sunndalsfjorden til Molde.

Fleire regionale næringsaktørar innan reiseliv, fiskeri, landbruk samt nabokommunar med fleire har protestert mot etablering av eit nasjonalt anlegg for mottak av farleg avfall. Det er og laga ein eigen organisasjon mot etableringa.

Når ein kildesorterar på Nordmøre og i Romsdal så går ein del av dette avfallet til forbrenning (energigjenvinning) i utlandet. Aska herifrå kjem tilbake som flygeaske og blandes med om lag 200 tusen tonn svovelsyre ved Kronos Titan i Fredrikstad før det fraktast på lekter over Oslofjorden til Langøya. Der er det snart fullt og tanken er å frakte alt dette farlege avfallet, pluss meir til hitover til Molde.

Avfallspyramiden er til god hjelp når ein skal lage avfallspolitikkk:

- Hindre at avfall oppstår. Det avfallet som skal til Raudsand er mykje flygeaske frå forbrenningsanlegg. Vi må inn i ein sirkulærøkonomi som ikkje omfatta forbrenning av avfall som laga denne aska.
- Ombruk og deretter materialgjenvinning må prioriterast.
- Spesialavfallet (farleg avfall) som blir borte i Norge dreier seg om tusenvis av tonn og arbeidet med å få dette samla inn må prioriterast.
- Her er det viktig å gjere produsent og selgar ansvarleg. Bransjeavtalane må skjerpast kraftig og prinsippet om forureinar betalar likeins.
- Å lage ein «nasjonal» dumperplass er ikkje spesielt lurt ut i frå at det er viktig å behandle avfallet nærast muleg der det oppstår.

Ordførar i Porsgrunn og leiar i Grenlandsrådet Robin Kåss har jobba hardt for å hindre at det skal etablerast mottak av farleg avfall i Grenland og det kan se ut som at han har lykkas med det.

Kva kan ordføraren i Molde gjere for at saken blir mest mulig opplyst for kommunestyret og befolkinga i Molde?

Vil ordføraren se til at saka får ei gjennomgåande handsaming i Molde kommune sine politiske organ slik at ein unngår ein slags «nissen på lasset» situasjon der Nettet sine 2900 innbyggjarar bind opp dei 32 tusen innbyggjarane i heile Molde?

Spørrehalvtimen:

Bjørn Jacobsen (SV) vedrørende etablering av mottaksanlegg for farlig uorganisk avfall i Molde kommune:

Neset kommunestyre har i interim perioden for danninga av Molde kommune bundet opp Molde kommune til å ta i mot farleg avfall. Dette er avfall som til ein viss grad er importert og er i all hovudsak oppstått på Austlandsområdet og er tenkt frakta heile vegen rundt Stadt og inn Sunndalsfjorden til Molde.

Fleire regionale næringsaktørar innan reiseliv, fiskeri, landbruk samt nabokommunar med fleire har protestert mot etablering av eit nasjonalt anlegg for mottak av farleg avfall. Det er og laga ein eigen organisasjon mot etableringa.

Når ein kildesorterar på Nordmøre og i Romsdal så går ein del av dette avfallet til forbrenning (energigjenvinning) i utlandet. Aska herifrå kjem tilbake som flygeaske og blandes med om lag 200 tusen tonn svovelsyre ved Kronos Titan i Fredrikstad før det fraktast på lekter over Oslofjorden til Langøya. Der er det snart fullt og tanken er å frakte alt dette farlege avfallet, pluss meir til hitover til Molde.

Avfallspyramiden er til god hjelp når ein skal lage avfallspolitik:

- Hindre at avfall oppstår. Det avfallet som skal til Raudsand er mykje flygeaske frå forbrenningsanlegg. Vi må inn i ein sirkulærøkonomi som ikkje omfatta forbrenning av avfall som laga denne aska. - Ombruk og deretter materialgjenvinning må prioriterast. - Spesialavfallet (farleg avfall) som blir borte i Norge dreier seg om tusenvis av tonn og arbeidet med å få dette samla inn må prioriterast. - Her er det viktig å gjere produsent og selgar ansvarleg. Bransjeavtalane må skerpast kraftig og prinsippet om forureinar betalar likeins. - Å lage ein «nasjonal» dumpeplass er ikkje spesielt lurt ut i frå at det er viktig å behandle avfallet nærast muleg der det oppstår.

Ordførar i Porsgrunn og leiar i Grenlandsrådet Robin Kåss har jobba hardt for å hindre at det skal etablerast mottak av farleg avfall i Grenland og det kan se ut som at han har lykkas med det.

Kva kan ordføraren i Molde gjere for at saken blir mest mulig opplyst for kommunestyret og befolkinga i Molde?

Vil ordføraren se til at saka får ei gjennomgåande handsaming i Molde kommune sine politiske organ slik at ein unngår ein slags «nissen på lasset» situasjon der Neset sine 2900 innbyggjarar bind opp dei 32 tusen innbyggjarane i heile Molde? Ordførers svar: Ordføreren ønsker først å informere om hvor saken om deponiet på Raudsand står.

Området for virksomheten på Raudsand har ikke vært omfattet av reguleringsplan tidligere. I kommuneplanens arealdel er området derimot inntatt (med formål gruvedrift), og areal mellom fylkesvegen og sjøen til erverv (næring). Det var derfor behov for en reguleringsplan for området som kunne gi hjemmel for å sette i stand/rydde opp i tidligere tiltak som det er en målsetning å få en avslutning på. I tillegg er målsetningen også at Bergmesteren, som er planforslagsstiller, gjennom en vedtatt plan oppretter hjemmel etter plan- og bygningsloven for deponiplanene.

Reguleringsplanarbeidet ble igangsatt i 2016, altså før prosessen omkring kommunesammenslåing startet. Reguleringsplanen var fremmet som et «privat» reguleringsforslag fra Bergmesteren, og Bergmesteren er i dette tilfellet tiltakshaver.

Reguleringsplanarbeidet har fulgt reglene i plan- og bygningsloven, inklusive omfattende konsekvensutredning, og Neset kommunestyre har som kommunal planmyndighet godkjent planen på vanlig måte.

Godkjenningsvedtaket er påklaget, og nabokommuner har reist innsigelse til planen. Pr. dato ligger den hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet til behandling. Som en del av denne behandlingen har Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet kommentert saken overfor Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Begge skriver at de ikke har innvendinger til den planmessige behandlingen og de utredninger som er gjort i denne. Begge påpeker også nødvendigheten av at utredninger knyttet til forurensningssituasjonen, må være tilstrekkelige for at eventuelle tillatelser til deponeringer m.m. kangis. Slike tiltak krever godkjenning og tillatelse etter forurensningsloven fra Miljødirektoratet.

Der står saken i dag. Det har tidligere vært antydning at Kommunal- og moderniseringsdepartementets avgjørelse skulle foreligge til jul i år. Det gjenstår å se.

Ordføreren oppfatter innledningen til representanten Jacobsen sine spørsmål slik at han mener det var urimelig at Neset kommunestyre i 23.05.2019 har gjort vedtak så nært opp under den faktiske sammenslåingen av kommunene, og på denne måten binder nye Molde kommune i en stor og kompleks sak.

Ordføreren er av den oppfatning at Neset kommune i denne saken har opptrådt som planmyndighet helt i tråd med både kommunelov og plan- og bygningslov. At saken er av en slik art og omfang at den også skulle ha interesse for den nye kommunen, er derimot ikke unaturlig. Det bringer meg over på

spørsmålet: Hva vil ordføreren gjøre for at saken skal bli best mulig opplyst for politikere og innbyggere i Molde?

Den samlede reguleringsaken skal gjøres lettere tilgjengelig for politikere og innbyggere ved at selve plandokumentene, men også innledende planprogram og utredninger legges ut på den nye kommunen sine nettsider. Videre inviteres Bergmesteren for å orientere kommunestyret om hva planene for Rausand innebærer dersom de settes ut i livet.

Det andre spørsmålet mener ordføreren berører problemstillinger av mer prinsipiell art. Ordføreren oppfatter at når representanten Jacobsen ønsker «ei gjennomgåande handsaming i Molde kommune sine politiske organ», så mener han at hele planprosessen skal startes opp igjen – med sikte på å gjøre et annet planvedtak. Rett nok er dette en spesiell sak, men siktemålet om å gjøre om vedtaket i Nettet kommunestyre røkker ved både kommuners suverene rett og plikt til å gjøre de vedtak det til enhver tid er flertall for.

Ordføreren mener at å bestemme seg for en slik aktivitet nå er et dårlig tidspunkt, all den tid at saken er under sluttbehandling i departementet –og utfallet er ikke kjent. Når det i tillegg etterlyses kunnskap om saken i forrige spørsmål, vil ordføreren mene at det i alle fall er nødvendig å få denne kunnskapen på plass før en i det hele tatt tar opp spørsmål om saken bør tas opp igjen.

Ordføreren kan dessuten opplyse at vedtatt reguleringsplan ikke gir nødvendige tillatelser til aktiviteter i området. Alle tiltak som her er omstridt, krever tillatelser etter forurensningsloven, og det er Miljødirektoratet som er aktuell myndighet. Reguleringsplanen gir noen rammer for slike tiltak, så langt plan- og bygningslovens virkeområde rekker. Når nye søknader om slike tillatelser etter forurensningsloven fremmes, vil kommunen blant andre være høringsinstans.

Korfor er ordføreren i Porsgrunn så glad?

Er det fordi han er lege, tidlegare statssekretær i Helsedepartementet og veldig glad for at Grenland kan bli kvitt tusenvis av tonn med farleg avfall?

Grenland er Norges største industriområde og sentrum for petrokjemisk industri. Petrokjemiiindustrien i Grenland er som verftsindustrien hos oss på Nordvestlandet.

Når du leverer inn maling, white sprit eller trykkimpregnert trevirke mm. til avfallsselskapet havnar det til slutt i Norcem sin sementfabrikk i Brevik (Dalen Portland) i Grenland. Ditt farlege avfall blir energigjenvunnet for å lage sement og tatt forsvarleg vare på. Dette er organisk farleg avfall og nokke blir og gjenvunnet via destillasjon.

Når du kildesorterer på Nordmøre og i Romsdal så går ein del av dette avfallet til forbrenning (energigjenvinning) i utlandet. Aska herifrå kjem tilbake som flygeaske og blandes med om lag 200 tusen tonn svovelsyre ved Kronos Titan i Fredrikstad før det fraktas på lekter over Oslofjorden til Langøya. Der er det snart fullt og tanken er å frakte alt dette pluss meir til hitover til Molde. Dette er då eit slags gipsliknande stoff og er rekna som farleg avfall.

Men som det står i eit lesarinnlegg i Fredrikstad Blad: «Renser de sin syre og gjenvinner, har de ingen legitimitet i å fortsette å importere farlig flyveaske med tungmetaller og dioksiner til å nøytralisere Kronos Titan sin syre i et krater på Langøya».

Store deler av dette farlege avfallet er importert og det kan hende at Harald Storvik og Veidekke er på «sporet av ny forskning og teknologi som vil være i stand til å redusere mengden flyveaske fra avfall i fremtiden, som følge av materialgjenvinning og sanering» som det heiter i ein artikkel i Avfall Norge.

Neset kommunestyre har i perioden der Molde, Misund og Neset har jobba seg i hop på område etter område butte opp alle tre kommunane til å ta i mot farleg avfall. Det er ikkje urimeleg at kommunestyret i Molde kommune på nyåret får ta ei full handsaming av saka. Er det slik tilhengarane seier så blir det vel ikkje så vanskeleg å få fleirtal i kommunestyret?

Eg trur at når ordførar Robin Kåss er glad er det fordi han som leiar i Grenlandsrådet har blitt kvitt ei kjemikalie frykt mange i Grenland går å ber på. Eg vil ikkje at nordmøringane og romsdalingane skal ta over denne børa.

For SV er det viktig:

- Hindre at avfall oppstår. Det avfallet som skal til Raudsand er mykje flygeaske frå forbrenningsanlegg. Vi må inn i ein sirkulærøkonomi som ikkje omfatta forbrenning av avfall som laga denne aska.
- Ombruk og deretter materialgjenvinning må prioriterast.
- Spesialavfallet som blir borte i Norge dreier seg om tusenvis av tonn og arbeidet med å få dette samla inn må prioriterast.
- Her er det viktig å gjere produsent og selgar ansvarleg. Bransjeavtalane må skjerpast kraftig og prinsippet om forureinar betalar likeins.
- Å lage ein «nasjonal» dumpeplass er ikkje spesielt lurt ut i frå at det er viktig å behandle avfallet nærast muleg der det oppstår.
- Gjenvinning er ei stor næring – omlag 10 milliardar i omsetting og 8 tusen ansatte. Korfor frakte avfallet bort når det skaffar arbeidsplassar lokalt? Alle desse arbeidsplassane bør vere der avfallet oppstår og kanskje nokken få på sentralanlegg.
- Så kan det hende at Storvik har nokken idea som er bra i høve gjenvinning og sirkulærøkonomi, men eg er redd at storvinsten her ligg i å skaffe ei ny Langøy som ein kan dumpe avfall i. Der ligg pengane. Og kan ein halde fram med dumpinga så treng ein ikkje å hindre at avfall oppstår.
- Det ryddast opp i Bergmesteren- ikkje vore kvittert ut sidan eg spurte Brende om dette i Stortinget tidleg 2000 tal. Men sikkert gjort greie for i planane.

- Det kan vere muleg med vidare drift i Nettet, men ikkje frakte farleg avfall frå der det oppstår på Austlandet/utlandet og hit til Molde.
- Eg skulle ønske at det hadde vore Hydro standard på Rød og på Raudsand. Alt dette skjer og har skjedd mellom anna fordi Norsk Hydro med milliardoverskot har kunna lagt ut handsaming av avfallet sitt til andre.

Bjørn Jacobsen, kommunestyrerepresentant Molde SV

Skriftlig spørsmål fra Bjørn Jacobsen (SV) til miljøvernministeren

Dokument nr. 15:918 (2003-2004)

Innlevert: 15.09.2004

Sendt: 15.09.2004

Rette vedkommende: Finansministeren

Besvart: 22.09.2004 av finansminister Per-Kristian Foss

Spørsmål

Bjørn Jacobsen (SV): På korleis måte kan Regjeringa endre eller differensiere avgiftene for sluttbehandling av avfall for å få til mest mogleg lokal handsaming av avfallet så ein hindrar unødig transport og skaper arbeidsplassar lokalt og så nært som mogleg der avfallet oppstår, samtidig som ein søker å oppfylle målsetjingane i avfallshierarkiet som er å hindre at avfall oppstår, ombruk og gjenvinning?

Begrunnelse

I den seinare tid har eksport av avfall frå Møre og Romsdal til andre fylke og andre land auka. Dette er òg eit kjent fenomen i andre delar av landet. Volda og Ørsta Reinhaldsverk sender avfall til Linköping i Sverige der det energigjenvinnast. Vestnes Renovasjon har problem med å få tak i nok trevirke til sin brikettproduksjon. Dette er to eksemplar som viser at avfallspolitikken ikkje fungerer slik han var meint.

Svar

Per-Kristian Foss: Spørsmålet vart overført frå miljøvernministeren.

Avgifta på sluttbehandling av avfall er eit sentralt verkemiddel i avfallspolitikken. Det overordna målet i avfallspolitikken er å minimere den helse- og miljøbelastninga som avfall kan medføre. Det er òg ønskeleg å motverke veksten i avfallsmengdene, og sikre at avfallsstraumane i aukande grad vris vekk frå deponering og over til gjenvinning av material og energi.

Avgifta er ein pris på miljøkostnadene for avfall som går til deponering og forbrenning. På den måten gir avgifta incentiv til ein betre miljømessig handtering av avfallet. Samtidig bidrar avgifta til å redusere mengda avfall og til å sikre meir gjenvinning.

Analysar for heile levetida til avfallet blir brukt for å rekne ut den miljøbelastninga som dei ulike produkta representerer i levetida, medrekna handtering av avfall. Dei fleste slike analysar konkluderar med at den miljøbelastninga som transport av avfall fører med seg er svært liten i forhold til den miljøgevinsten som ein kan oppnå når avfallet går til gjenvinning og utnyttast som den ressursen det i røynda er. Det er òg slik at det ved transport av avfall ofte vert nytta returtransport som elles er ledig.

Avfall har i større grad gått frå å være sett som eit miljøproblem til å bli ein stadig meir ettertrakta ressurs, både i form av råvarer og som energibærer. Det er derfor også naturleg at løysingar for avfallshandtering nå er utsette for meir konkurranse i ein større marknad enn før. Dette bidrar til ein positiv

utvikling i form av meir miljø- og ressurseffektive handteringsløyningar, noko som vil være til beste for miljøet. Elles skil ikkje miljøkostnadane som følgje av avfallstransport seg frå kostnadar ved annan godstransport på veg. Desse miljøkostnadane bør derfor handterast likt for alle typar vegtransport, til dømes gjennom drivstoffavgiftene.

Det synes derfor ikkje å være grunnlag for å vurdere å differensiere avgifter for å stimulere til lokal handtering av avfallet. Ei eventuell avgiftsdifferensiering ut frå eit slikt formål ville i tillegg vere svært vanskeleg og ville kunne svekke hovudmålsetjinga med avgifta om å medverke til å redusere miljøproblema som avfallet forårsakar. Eg vil minne om at Stortinget seinast i forbindelse med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2004 vedtok å avvikle avgiftsdifferensieringa ut frå energiutnytting fordi det ikkje var eit treffsikkert verkemiddel.

Skriftlig spørsmål fra Bjørn Jacobsen (SV) til miljøvernministeren

Dokument nr. 15:140 (2002-2003)

Innlevert: 28.11.2002

Sendt: 28.11.2002

Besvart: 06.12.2002 av miljøvernminister Børge Brende

Spørsmål

Bjørn Jacobsen (SV): Hvem er forurensere/e etter Regjeringens mening, hva kan Regjeringens gjøre for at den forurensede grunnen blir ryddet opp av forurensere dersom bedriften blir nedlagt, og kan krav om dette rettes til ARN-konsernet, som Aluscan er en del av, eller vil staten som eier av deler av eiendommen bevilge penger til oppryddingen?

Begrunnelse

Aluscan på Raudsand i Nesset kommune deponerer store mengder saltslagg m.m. på området. Dette har ført til avdamping av ammoniakk og andre gasser som bl.a. har medført skogsdød. Store deler av grunnen på eiendommen er trolig sterkt forurensset. Dersom det ikke blir ryddet opp etter en eventuell nedlegging av bedriften vil miljøskadene kunne fortsette å øke. I Miljøverndepartementets Miljøhandlingsplan (2003-2006) blir det fremhevet at "Miljømyndighetene skal sørge for at de som har ansvar for forurensset grunn sikrer at forurensset grunn som skriver seg fra tidligere virksomhet ikke medfører fare for spredning av alvorlig forurensning eller helseskade". Miljøvernministeren påpeker i pressemelding 3/10 2002 at prinsippet om at forurensere skal betale og pålegg etter forurensningsloven er det sentrale virkemiddelet samt at Regjeringen vil bidra med midler til opprydding i områder hvor det ikke er mulig å identifisere de ansvarlige forurenserne. I dette tilfelle er det spesielt viktig at det raskest mulig blir ryddet opp siden

forurensningen allerede har ført til skogskader på land, forurensningskader i sjøen og helseproblem for naboer.

Statsråden er tidligere gjort kjent med at bedriften Aluscan AS på Raudsand i Nesset kommune er ansvarlig for store mengder lovlige og ulovlige forurensninger på bedriftens eiendom og i Sunndalsfjorden.

For å kunne rydde opp og sikre arbeidsplassene ved Aluscan ser det nå ut til å være viktig å finne fram til forurenser ut fra prinsippet om at forurenser skal betale.

Fra før vet en at driften har vært med å skape store overskudd for aksjonærene. Veidekke A/S, og dermed delvis også staten, er inne som grunneier og har dermed som grunneier muligens betalingsansvar i henhold til forurensningsloven.

De ansatte ved Aluscan er sagt opp og bedriftens framtid er usikker samtidig som store forurensningsproblemer venter på å få sin løsning.

De ansatte betaler nå en høy pris ved å ha mistet sitt arbeide, mens forurenseren/e ennå ikke er sikkert identifisert verken som betalingsdyktig eller ved navn.

Svar

Børge Brende: Aluscan AS ble slått konkurs den 28. november i år. Aluscan var en del av ARN-konsernet som for øvrig bestod av Aluvest og Alox Nor.

Også Alox Nor er slått konkurs. Dette er beklagelig, både i forhold til

gjenstående miljøproblemer som det må ryddes opp i og når det gjelder de tapte arbeidsplassene.

Prinsippet for opprydding i miljøproblemer er at det er forurensere som skal betale. Det er Aluscan AS som gjennom sin drift har forårsaket forurensningen på bedriftsområdet, i fjorden utenfor bedriften og på deponiet i gruveområdet. Når bedriften er slått konkurs, reiser det kompliserte juridiske problemstillinger om ansvarsforholdet. Etter det jeg kjenner til er det liten sannsynlighet for at det er tilstrekkelige midler i konkursboet til å finansiere opprydding i forurensningen. Statens forurensningstilsyn (SFT) vurderer nå om det er mulig å gi pålegg om opprydding til eventuelle andre ansvarssubjekter. Dette har høy prioritert i SFT, men det er ennå for tidlig å gi et endelig svar på disse spørsmålene - i og med at det er bare noen dager siden konkursen.

Staten v/Nærings- og handelsdepartementet er grunneier av det tidligere gruveområdet. Staten har imidlertid inngått leieavtale for områdene med Veidekke ASA. Videre har både staten og Veidekke ASA inngått leie- og festeavtaler med Aluscan AS. Det må arbeides videre med en detaljert oversikt over eier- og leieforholdene og hvilken betydning disse har i saken. Dette vil inngå i SFTs vurdering, og det vil om nødvendig bli trukket inn ytterligere juridisk kompetanse.

Tillatelser etter forurensningsloven er basert på at kravene som stilles blir overholdt. Saker som denne viser at det er behov for å utrede ordninger som

kan sikre et økonomisk grunnlag for opprydding dersom den ansvarlige for forurensningen opphører å eksistere. Aktuelle tiltak kan være innføring av ansvarsforsikring/garantier eller oppbygging av fond. Jeg har nylig tatt initiativ til at det igangsettes et arbeid for å vurdere dette nærmere.

Skriftlig spørsmål fra Bjørn Jacobsen (SV) til miljøvernministeren

Dokument nr. 15:36 (2002-2003)

Innlevert: 22.10.2002

Sendt: 22.10.2002

Besvart: 28.10.2002 av miljøvernminister Børge Brende

Spørsmål

Bjørn Jacobsen (SV): Kan miljøvernministeren ta initiativ til at utgreiing blir sett i verk slik at ein får oversikt over kor stort omfanget er av forureina sedimenta utafor kaia og i fjorden ved Raudsand (Same sak gjeld òg for deponiet i Bergmeisteren og gamle gruvegangar), er det mogleg å sette ein pris på kva det vil koste å rydde opp, og ser miljøvernministeren det mogleg

at staten, ut i frå samfunnsmessige høve, bør delta økonomisk i ei eventuell opprydding eller i alle fall få fram prisen på kva det vil koste å rydde opp?

Begrunnelse

I Stortingets spørjetime 16. oktober 2002 uttalte miljøvernministeren at prinsippet om at forureinaren skal betale bør gjelde for tilhøva som er oppstått ved Aluscan bedrifta på Rausand i Nesset kommune. No er det stor uvisse knytt til om de som eig bedrifta er i stand til å rydde opp, og til kor stort omfanget av forureininga er.

Saka går no for domstolane i høve til de ansvarlege for det som har skjedd ved bedrifta. Spørsmålet for samfunnet er korleis dette kunne skje. SFT er blitt forleda 31 gonger. Kommunehelsetenesta, bedriftshelsetenesta og fylkesmannen har og skal ha ei ansvarleg rolle i slike høve. Samla sett må det være mogleg å si at ansvaret for det som har skjedd ligg også hos dei offentlege tilsynsorgana som er til for å hindre at samfunnet kjem opp i ein slik situasjon, som ein har gjort på Raudsand.

I over 20 år har det vore drift, og med ei meir konsekvent linje frå tilsynsmyndigheitene på et tidlegare stadium ville moglegheitene for å rydde opp vore større. Den tryggingsventilen som offentlege tilsynsorgan skal være har openbart ikkje fungert i Aluscan saka. Det ville då ikkje være urimeleg at det offentlege tar på seg deler av det nødvendige undersøkings- og oppryddingsarbeidet, som er naudsynt ut i frå det overordna omsynet til helse og miljø lokalt på Raudsand.

Både kommunane rundt og de som driv næring eller fritidssyslar i og ved

fjorden har krav på å få vite status på forureiningane, og om det skal ryddast opp ein gong for alle.

Svar

Børge Brende: Når det gjelder spørsmål om utredning av sedimentene i Sunndalsfjorden, er jeg kjent med at det foreligger et ferdig undersøkelsesprogram for Sunndalsfjorden, utarbeidet av NIVA på oppdrag av Aluscan. Statens forurensningstilsyn vil innen kort tid ta stilling til dette programmet. Programmet vil gi oversikt over hvilke miljømessige konsekvenser bedriftens utslipp har på vannkvaliteten og bunnsedimentene i fjorden.

Kostnader forbundet med tiltak for å forhindre spredning av forurensning fra sedimenter, avhenger blant annet av hvor stort og hvor tykt det forurensede området er, strømforhold samt type og konsentrasjon av forurensningen. Kostnadene avhenger også i stor grad av hvilke oppryddingstiltak og behandlingsformer som er aktuelle.

Det er kun i de situasjonene der den ansvarlige ikke kan identifiseres, ikke er betalingsdyktig og/eller av andre grunner ikke kan stå ansvarlig for oppryddingen, at det vil være aktuelt for miljøvernforvaltningen å dekke utgifter til opprydding. I saker med opprydding av forurensede sedimenter

legges prinsippet om at forurenseren skal betale til grunn. Det er et bærende prinsipp i norsk miljøforvaltning av forurensere skal betale for undersøkelser og tiltak.

Som ledd i Regjeringens politikk for å rydde opp i forurensede sedimenter skal det i hvert fylke lages fylkesvise tiltaksplaner for fjordområdene. For de alvorligst forurensede fjordene vil dette arbeidet komme i gang fra nyttår. Resultatene av Aluscans undersøkelse vil inngå i den samlede kartleggingen av Sunndalsfjorden. Det vil i forbindelse med kartleggingen bli avklart hvem som har ansvar for forurensningen i ulike deler av fjorden, og hvordan kostnadene ved eventuelle tiltak skal fordeles.